

	Aukra kommune	Møteprotokoll
---	----------------------	----------------------

Utval:	Kommunestyret
Møtestad:	Kommunehuset
Dato:	19.11.2019
Tid:	17:05

Faste medlemmar som møtte:		
Odd Jørgen Nilssen	Ordførar	H
Audhild Mork	Varaordførar	AP
Kevin Solem	Medlem	AP
Katrine Rindarøy	Medlem	AP
Jørgen Sporsheim	Medlem	AP
Odd Arve Orten	Medlem	AP
Nina Marken Bergtun	Medlem	FRP
Anita Oterhals Eide	Medlem	H
Baard-André Fanghol	Medlem	H
Atle Ræstad	Medlem	H
Helge Kjøll jr.	Medlem	KRF
Marie Hoksnes	Medlem	KRF
Ingunn Hjelmås	Medlem	KRF
Oddvar Hoksnes	Medlem	KRF
Heidi Evelyn Løklingholm	Medlem	SP
Torill Einara Nerbøvik	Medlem	SP
Rune Stig Skeide	Medlem	SP
Ole August Iversen	Medlem	SV
Rita Rognskog	Medlem	V

Faste medlemmar som ikkje møtte:		
Lisa Nautnes Dale		SP
Frode Bjerkan		H

Varamedlemmar som møtte:	Møtte for:	
Ingen vara møtte	Frode Bjerkan	H
Kristian Onsøyen	Lisa Nautnes Dale	SP

Frå administrasjonen møtte:
Rådmann Ingrid Husøy Rimstad, økonomisjef Erna Varhaugvik, styrar Bergetippen barnehage Synnøve Rishaug, teknisk sjef Gerd Nerbø, servicesjef Aaslaug Søreide, rektor v/Julsundet skule Terje Gundersen-Røvik, rektor v/Gossen barne og ungdomsskule Heidi Falkhytten, kultursjef Anne Jorunn Sandøy, einingsleiar institusjonstenester Siri Halvorsen, einingsleiar heimetenester Nina Tomren, leiar NAV Aukra Kjerstin J. Maurseth, helsesjef Roald Borthne, rådgjevar økonomi John Helge Frøystad, formannskapssekr. Anita Raknes Otterlei

Merknader:

Møtet vart sett med 20 representantar

Til å skrive underprotokollen saman med ordførar vart valt: Rita Rognskog og Kevin Solem

Ingar Arnøy frå Noregs Mållag orienterte om nynorsk/bokmål

Frå Møre og Romsdal revisjon møtte Lillian Reder Kristoffersen

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at møteboka er i samsvar med det som vart vedteke i møtet.

Ordførar Odd Jørgen Nilssen	Rita Rognskog	Kevin Solem
-----------------------------	---------------	-------------

Saksliste

Saksnr.:	Arkivsaksnr.:	Innhold:
PS 77/19		Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 78/19		Referatsaker
	2016/111	Møteprotokoll Eldrerådet 04.09.19
	2016/111	Møteprotokoll ungdomsrådet 24.09.19
	2016/247	Møteprotokoll kontrollutvalet 25.09.19
		Orienteringar
PS 79/19	2015/710	Orientering om utvikling i elevtal ved Aukra kulturskole
PS 80/19	2019/405	Økonomirapportering pr. 31.08.2019
PS 81/19	2018/558	Budsjettkorrigeringar pr. 31.08.2019
PS 82/19	2019/405	Rapportering finansforvaltning 31.08.2019
PS 83/19	2016/247	Forvaltningsrevisjonsrapport "Brukermedvirkning i pleie og omsorg"
PS 84/19	2016/247	Kontrollutvalet sin rapport til kommunestyret om utvalet si verksemd i valperioden 2015-2019.
PS 85/19	2016/247	Reglement for Kontrollutvalet i Aukra
PS 86/19	2019/798	Endring av eierstruktur og selskapsavtale - Nordmøre og Romsdal brann og redning IKS
PS 87/19	2018/32	Oppstart av prosjekt 683 018 "Vegutbetring og veglys Hollingsetervegen"
PS 88/19	2019/23	Molde og Romsdal Havn IKS - Endring av selskapsavtale som følge av komunesamanslåingar
PS 89/19	2016/1267	Ny selskapsavtale i RIR IKS
PS 90/19	2016/1267	Forskrift om renovasjon i RIR - kommunane,

		Møre og Romsdal
PS 91/19	2013/1435	Husleigeauke i kommunale utleigebustader, omsorgsbustader og i kommunen sine leiligheter i Stiftelsen Aukra boligselskap frå 01.01.2020
PS 92/19	2012/939	Gebyrregulativ 2020 for saksbehandling plan-, byggesaks- og oppmålingsområdet
PS 93/19	2018/889	Eigenbetaling dagsentertjenester 2020
PS 94/19	2018/889	Eigenbetaling for praktisk bistand 2020
PS 95/19	2018/889	Eigenbetaling for matombringning fra kjøkken ved Aukra Omsorgssenter 2020
PS 96/19	2018/889	Eigenbetaling for leige av GPS 2020
PS 97/19	2018/889	Eigenbetaling for opphald i institusjon 2020
PS 98/19	2018/889	Eigenbetaling for leige av tryggleikspakke 2020
PS 99/19	2012/67	Foreldrebetaling i skolefritidsordninga
PS 100/19	2012/748	Elevavgift Aukra kulturskole
PS 101/19	2015/1048	Gebyr for skjenkeløyve for ei enkel anledning
PS 102/19	2018/1131	Val av representantar og vararepresentantar til fylkesmøtet i KS for perioden 2019 - 2023
PS 103/19	2018/1131	Val av medlemmar og varamedlemmar, leiar og nestleiar til Administrasjonsutvalet for perioden 2019 - 2023
PS 104/19	2018/1131	Val av medlemmar og varamedlemmar til Eldrerådet for valperioden 2019 - 2023
PS 105/19	2018/1131	Val av medlemmar og varamedlemmar til rådet for likestilling av funksjonshemma for perioden 2019-2023
PS 106/19	2018/1131	Val av representantar til diverse styre, råd, nemnder og utval for valperioden 2019 - 2023
PS 107/19	2018/1131	Val av styremedlem og personleg

		varamedlem til Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal for 2019 - 2023
PS 108/19	2018/1131	Val av representantar til havnestyre og havneråd - Molde og Romsdal Havn IKS
PS 109/19	2018/1131	Val av medlem og varamedlem til representantskapet i Møre og Romsdal Revisjon SA for perioden 2019 - 2023
PS 110/19	2018/1131	Val av representant og vararepresentant til representantskapet for Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS for perioden 2019 - 2023
PS 111/19	2018/1131	Val av styrer, råd nemnder og utval for valperioden 2019 - 2023
PS 112/19	2018/1131	Val av kommunen sin representant og vararepresentant til Aukra menighetsråd
PS 113/19	2012/484	Møteplan for formannskap og kommunestyre for 2020

PS 77/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i Kommunestyret - 19.11.2019

Behandling

Samrøystes vedtak

Vedtak

Innkalling og sakliste vart godkjent

PS 78/19 Referatsaker

Saksprotokoll i Kommunestyret - 19.11.2019

Behandling

Samrøystes vedtak

Vedtak

Referatsakene vart tatt til vitande

Møteprotokoll Eldrerådet 04.09.19

Møteprotokoll ungdomsrådet 24.09.19

Møteprotokoll kontrollutvalet 25.09.19

PS 79/19 Orientering om utvikling i elevtal ved Aukra kulturskole

Rådmannen si tilråding:

Orientering om utvikling i elevtal ved Aukra kulturskole vert tatt til vitande.

Saksprotokoll i Formannskapet - 23.09.2019

Behandling

Ordførar foreslo å utsette saka

Samrøystes vedtak

Vedtak

Saka vart utsett

Saksprotokoll i Livsløpsutvalet - 31.10.2019**Behandling**

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedtatt.

Uttale frå livsløpsutvalet

Som tilrådinga frå rådmannen.

Saksprotokoll i Formannskapet - 04.11.2019**Behandling**

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedtatt.

Vedtak

Orientering om utvikling i elevtal ved Aukra kulturskole vert tatt til vitande.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 19.11.2019**Behandling**

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedtatt

Vedtak

Orientering om utvikling i elevtal ved Aukra kulturskole vart tatt til vitande.

PS 80/19 Økonomirapportering pr. 31.08.2019**Rådmannen si tilråding:**

Rapporten vert teken til vitande.

Saksprotokoll i Formannskapet - 04.11.2019**Behandling**

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedtatt.

Innstilling frå formannskapet

Som tilrådinga frå rådmannen.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 19.11.2019

Behandling

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedtatt

Vedtak

Rapporten vart teken til vitande.

PS 81/19 Budsjettkorrigeringar pr. 31.08.2019

Rådmannen si tilråding:

1. Endring i driftsrammer og finansiering slik:

Driftseining/avd (tala er i heile 1000 kroner)	Vedteke budsjett 2019 med endringar	Endring faste tillegg	Sentrale lønsendring ar	Lokale lønsendring ar	Budsjett- korrigering 2. tertial	Ramme etter tilrådd endring
10.1 Rådmannen, politisk og serviceavdelinga	19 787		24	89	1 157	21 056
10.3 Økonomiavdelinga	6 878		51	64		6 993
10.4 Organisasjonsavdelinga	3 756		4	67		3 827
10.7 Bamevern	7 780		0	0		7 780
10.8 Pedagogisk rådgjevar	6 352		0	25		6 377
10.9 Næring, revisjon, kyrkje	30 227		0	0		30 227
20 Gossen barne og ungdomsskole	32 996		1 202	22	341	34 561
21 Julsundet skole	15 162		617	22	848	16 649
22 Barnebo barnehage	17 146		550	38	-95	17 639
23 Bergetippen barnehage	10 636		462	35	122	11 256
24 Eining for innvandring og integrering	-1 000		0	0		-1 000
25 Oppvekst og Kultur	10 393		157	65	901	11 515
30 Institusjonsten og bufellesskap	48 843	950	1 121	35	4 900	55 849
32 Heimetenester	32 558		483	34	-1 600	31 476
40 Helse	12 710		210	71	1 930	14 922
50 NAV	4 982		68	0		5 050
62/65 Teknikk, eigedom og brann	26 545		281	183	1 250	28 259
89/99 Lønsbuffer, pensjon og kalk kostnader m.m.	-1 515	-950	-5 229	-750	-6 128	-14 572
Totalt fordelt til drift	284 236	0	0	0	3 627	287 863
Sum frie disponible inntekter	-473 798				1 300	-472 498
Auka gevinst finansielle instrumenter - netto finans	24 823				-3 500	21 323
Avsetning til disposisjonsfond	164 739					164 739
Bruk av disposisjonsfond	0				-1 427	-1 427
Budsjettskjema 1A til fordeling drift	-284 236				0	-287 863

2. Investeringsbudsjettet vert endra slik:

S må tiltak (i 1000 kr)	Rekneskap pr 31.08.2019	Opprinneleg budsjett 2019	Budsjett m/ endringar 2019	Tilrådde endra løyver	Budsjett etter korr. av tilrådde endringar
Kulturhus og basseng	3 524	7 000	7 000	4 000	11 000
Opparbeiding - Falkhytten sentrum	74	7 000	7 807	-7 500	307
Hovudvassleidning Løvikkrysset - Rindarøy.	451	10 400	14 942	-11 000	3 942
Klippen/Skarshaug - Løvik, fullføre hovedvassleidning	274	2 000	2 000	-1 700	300
Etterbruk Rothaugen	286	2 000	2 000	-1 700	300
Nybygg Aukratun	1 207	29 500	29 500	-24 500	5 000
Veglys Hogsnesvegen, Skarshaugvegen-Løvikvegen og Hellegota	289	0	5 337	-2 500	2 837
Kokk GBU utstyr	0	0	0	240	240
Kokk I ulsundet skole utstyr	0	0	0	228	228
SUM	6 105	57 900	68 586	-44 432	24 154
Mva-kompensasjon				5 400	
Bruk av avsetningar - reduserte løyver gjev redusert bruk av disposisjonsfond				39 032	
TOTALT				44 432	

Kr. 7 mill. blir tilbakeført til fond for vedlikehald, då prosjektet som politisk vart vedteke finansiert av Rådmannen si føreslåtte avsetning til dette fondet, likevel ikkje blir realisert i 2019.

Saksprotokoll i Formannskapet - 04.11.2019

Behandling

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedtatt.

Innstilling frå formannskapet

Som tilrådinga frå rådmannen.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 19.11.2019

Behandling

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedtatt

Vedtak

1. Endring i driftsrammer og finansiering slik:

Driftseining/avd (tala er i heile 1000 kroner)	Vedteke budsjett 2019 med endringar	Endring faste tillegg	Sentrale lønsendring ar	Lokale lønsendring ar	Budsjett- korrigering 2. tertial	Ramme etter tilrådd endring
10.1 Rådmannen, politisk og serviceavdelinga	19 787		24	89	1 157	21 056
10.3 Økonomiavdelinga	6 878		51	64		6 993
10.4 Organisasjonsavdelinga	3 756		4	67		3 827
10.7 Barnevern	7 780		0	0		7 780
10.8 Pedagogisk rådgjevar	6 352		0	25		6 377
10.9 Næring, revisjon, kyrkje	30 227		0	0		30 227
20 Gossen barne og ungdomsskole	32 996		1 202	22	341	34 561
21 Iulsundet skole	15 162		617	22	848	16 649
22 Barnebo barnehage	17 146		550	38	-95	17 639
23 Bergetippen barnehage	10 636		462	35	122	11 256
24 Eining for innvandring og integrering	-1 000		0	0		-1 000
25 Oppvekst og Kultur	10 393		157	65	901	11 515
30 Institusjonsten og bufellesskap	48 843	950	1 121	35	4 900	55 849
32 Heimetenester	32 558		483	34	-1 600	31 476
40 Helse	12 710		210	71	1 930	14 922
50 NAV	4 982		68	0		5 050
62/65 Teknikk, eigedom og brann	26 545		281	183	1 250	28 259
89/99 Lønsbuffer, pensjon og kalk kostnader m.m.	-1 515	-950	-5 229	-750	-6 128	-14 572
Totalt fordelt til drift	284 236	0	0	0	3 627	287 863
Sum frie disponible inntekter	-473 798				1 300	-472 498
Auka gevinst finansielle instrumenter - netto finans	24 823				-3 500	21 323
Avsetning til disposisjonsfond	164 739					164 739
Bruk av disposisjonsfond	0				-1 427	-1 427
Budsjettskjema 1A til fordeling drift	-284 236				0	-287 863

2. Investeringsbudsjettet vert endra slik:

	Rekneskap pr 31.08.2019	Opprinneleg budsjett 2019	Budsjett m/ endringar 2019	Tilrådde endra løyver	Budsjett etter korr. av tilrådde endringar
Små tiltak (i 1000 kr)					
Kulturhus og basseng	3 524	7 000	7 000	4 000	11 000
Opparbeiding - Falkhytten sentrum	74	7 000	7 807	-7 500	307
Hovudvassleidning Løvikkryssset - Rindarøy.	451	10 400	14 942	-11 000	3 942
Klippen/Skarshaug - Løvik, fullføre hovedvassleidning	274	2 000	2 000	-1 700	300
Etterbruk Rothaugen	286	2 000	2 000	-1 700	300
Nybygg Aukratun	1 207	29 500	29 500	-24 500	5 000
Veglys Hogsnesvegen, Skarshaugvegen-Løvikvegen og Hellegota	289	0	5 337	-2 500	2 837
Kokk GBU utstyr	0	0	0	240	240
Kokk Iulsundet skole utstyr	0	0	0	228	228
SUM	6 105	57 900	68 586	-44 432	24 154
Mva-kompensasjon				5 400	
Bruk av avsetningar - reduserte løyver gjev redusert bruk av disposisjonsfond				39 032	
TOTALT				44 432	

Kr. 7 mill. blir tilbakeført til fond for vedlikehald, då prosjektet som politisk vart vedteke finansiert av Rådmannen si føreslåtte avsetning til dette fondet, likevel ikkje blir realisert i 2019.

PS 82/19 Rapportering finansforvaltning 31.08.2019

Rådmannen si tilråding:

Rapporten vert teke til vitande.

Saksprotokoll i Formannskapet - 04.11.2019

Behandling

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedtatt.

Innstilling frå formannskapet

Som tilrådinga frå rådmannen.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 19.11.2019

Behandling

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedtatt

Vedtak

Rapporten vart teke til vitande.

PS 83/19 Forvaltningsrevisjonsrapport "Brukermedvirkning i pleie og omsorg"

Kontrollutvalet si tilråding:

1. Aukra kommunestyre tar forvaltningsrevisjonsrapporten «**Brukermedvirkning innen pleie og omsorg**» til vitande og sluttar seg til følgjande tilrådingar frå kontrollutvalet:
 - Kommunen skal ha meir fokus på brukarmedverking ut mot tenesteytarane. Dei tilsette skal bli minna om kvar dei skriftlege prosedyrane er lagra og kva som er kommunen sin strategi for korleis brukarmedverking skal gjennomførast under den daglege utføringa av tenesta.
 - Kommunen skal vurdere om det er meir dei kan gjere for at brukarar og brukarorganisasjonar skal bli gitt enda meir medbestemming, i saker som ser ut til å vere viktig for dei.
 - Aukra kommune skal etablerer eit system for innhenting av pasientar og brukarar sine erfaringar og synspunkt. Det vil vere nyttig for kommunen å gjennomføre brukarundersøking i pleie- og omsorg jamleg, for eksempel annakvart år.
 - Aukra kommune skal sikre at erfaringar frå brukarar, som er innhenta på systemnivå gjennom brukarundersøkingar, blir brukt til etterarbeid som har som mål å vidareutvikle og forbetre tenesta.
2. Kommunestyret ber rådmannen om å syte for at tilrådingane blir følgt og påsjå at arbeidet vert gjennomført.
3. Kommunestyret ber rådmannen om å gje kontrollutvalet ein skriftleg plan for oppfølging av tilrådingane, slik at planen kan behandlast i kontrollutvalet sitt første møte i 2020.

Kontrollutvalet si handsaming – 25.9.2019

Forvaltningsrevisor Lillian Reder Kristoffersen starta med å presentere metode, funn og tilrådingar i rapporten.

Rådmann Ingrid Husøy Rimstad seier at dei tek alle forvaltningsrevisjonar og tilsyn på alvor, då det er ei hjelp til å sjå kva ein kan bli betre på. Dette vert også understreka av einingsleiar frå heimenestene, Nina Kristin Tomren og avdelingsleiar ved Aukra omsorgssenter Tora Gundersen.

Frå utvalet vert det understreka at rapporten revisjonen har laga er grundig og viser i stor grad at kommunen har det formelle systemet for brukarinvolvering på plass. Dette er positivt. Utvalet er difor noko undrande til kvifor det vert opplevd at det er ein del uro-meldingar frå pårørande. Kvifor er det slik, når systemet eigentleg ser ut til å vere på plass? Det vil nok vere nyttig å få på plass systematiske brukarundersøkingar, og bruke resultata frå desse.

Forvaltningsrevisor Lillian Reder Kristoffersen, rådmann Ingrid Husøy Rimstad, einingsleiar heimenester Nina Kristin Tomren, avdelingsleiar ved Aukra omsorgssenter Tora Gundersen og kommunalsjef drift Jan Erik Hovdenak kommenterte rapporten og svarte på spørsmål frå utvalet.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (4 voterande)

Sekretariatet si tilråding

1. Aukra kommunestyre tar forvaltningsrevisjonsrapporten «**Brukermedvirkning innen pleie og omsorg**» til vitande og sluttar seg til følgjande tilrådingar frå kontrollutvalet:

- Kommunen skal ha meir fokus på brukarmedverking ut mot tenesteytarane. Dei tilsette skal bli minna om kvar dei skriftlege prosedyrane er lagra og kva som er kommunen sin strategi for korleis brukarmedverking skal gjennomførast under den daglege utføringa av tenesta.
- Kommunen skal vurdere om det er meir dei kan gjere for at brukarar og brukarorganisasjonar skal bli gitt enda meir medbestemming, i saker som ser ut til å vere viktig for dei.
- Aukra kommune skal etablerer eit system for innhenting av pasientar og brukarar sine erfaringar og synspunkt. Det vil vere nyttig for kommunen å gjennomføre brukarundersøking i pleie- og omsorg jamleg, for eksempel annakvart år.
- Aukra kommune skal sikre at erfaringar frå brukarar, som er innhenta på systemnivå gjennom brukarundersøkingar, blir brukt til etterarbeid som har som mål å vidareutvikle og forbetre tenesta.

2. Kommunestyret ber rådmannen om å syte for at tilrådingane blir følgt og påsjå at arbeidet vert gjennomført.

3. Kommunestyret ber rådmannen om å gje kontrollutvalet ein skriftleg plan for oppfølging av tilrådingane, slik at planen kan behandlast i kontrollutvalet sitt første møte i 2020.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 19.11.2019

Behandling

Audhild Mork (AP) sette fram følgjande forslag.

Pkt. 4.

Det vert gjennomført ny brukarundersøking i Aukra, første halvår i 2020, institusjonstenesta, butenesta og heimetenesta.

Pkt. 5.

Det vert gjennomført spørreundersøkelse blant pårørande for å verte kjent med deira tilfredsheit med institusjonstenesta, butenesta og heimetenesta i Aukra

Tilrådinga frå kontrollutvalet vart samrøystes vedtatt

Forslaget frå Audhild Mork vart samrøystes vedtatt

Vedtak

1. Aukra kommunestyre tar forvaltningsrevisjonsrapporten «**Brukermedvirkning innen pleie og omsorg**» til vitande og sluttar seg til følgjande tilrådingar frå kontrollutvalet:

- Kommunen skal ha meir fokus på brukarmedverking ut mot tenesteytarane. Dei tilsette skal bli minna om kvar dei skriftlege prosedyrane er lagra og kva som er kommunen sin strategi for korleis brukarmedverking skal gjennomførast under den daglege utføringa av tenesta.
- Kommunen skal vurdere om det er meir dei kan gjere for at brukarar og brukarorganisasjonar skal bli gitt enda meir medbestemming, i saker som ser ut til å vere viktig for dei.
- Aukra kommune skal etablerer eit system for innhenting av pasientar og brukarar sine erfaringar og synspunkt. Det vil vere nyttig for kommunen å gjennomføre brukarundersøking i pleie- og omsorg jamleg, for eksempel annakvart år.
- Aukra kommune skal sikre at erfaringar frå brukarar, som er innhenta på systemnivå gjennom brukarundersøkingar, blir brukt til etterarbeid som har som mål å vidareutvikle og forbetre tenesta.

2.Kommunestyret ber rådmannen om å syte for at tilrådingane blir følgt og påsjå at arbeidet vert gjennomført.

3.Kommunestyret ber rådmannen om å gje kontrollutvalet ein skriftleg plan for oppfølging av tilrådingane, slik at planen kan behandlast i kontrollutvalet sitt første møte i 2020.

4.Det vert gjennomført ny brukarundersøking i Aukra, første halvår i 2020, institusjonstenesta, butenesta og heimetenesta.

5.Det vert gjennomført spørreundersøkelse blant pårørande for å verte kjent med deira tilfredsheit med institusjonstenesta, butenesta og heimetenesta i Aukra

PS 84/19 Kontrollutvalet sin rapport til kommunestyret om utvalet si verksemd i valperioden 2015-2019.

Kontrollutvalet si tilråding:

Kommunestyret tek framlagt rapport om kontrollutvalet si verksemd i valperioden 2015 – 2019 til vitande.

Kontrollutvalet si handsaming – 25.9.2019

Utvalet hadde ingen forslag til endringar i sekretariatet sitt utkast til rapport.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

Sekretariatet si tilråding

Kontrollutvalet godkjenner vedlagte rapport om utvalet si verksemd i valperioden 2015 – 2019 som vert sendt over til kommunestyret med følgjande tilråding:

Kommunestyret tek framlagt rapport om kontrollutvalet si verksemd i valperioden 2015 – 2019 til vitande.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 19.11.2019

Behandling

Kontrollutvalet si tilråding vart samrøystes vedtatt

Vedtak

Kommunestyret tek framlagt rapport om kontrollutvalet si verksemd i valperioden 2015 – 2019 til vitande.

PS 85/19 Reglement for Kontrollutvalet i Aukra

Kontrollutvalet si tilråding:

Kommunestyret godkjenner **Reglement for kontrollutvalet i Aukra kommune**

Kontrollutvalet si handsaming – 25.9.2019

Sekretæren gav utvalet ei orientering om dei viktigaste endringane som er gjort i forhold til tidlegare reglement.

Utvalet drøfta utkastet, og då særleg endringane i § 2 Val- og samansetting. Kontrollutvalet støttar sekretariatet sitt utkast til reglement.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

Sekretariatet si tilråding

Kontrollutvalet vedtek forslag til **Reglement for kontrollutvalet i Aukra kommune, slik det går fram av vedlegg til saka**. Saka vert lagt frem for kommunestyret med følgjande innstilling:

Kommunestyret godkjenner **Reglement for kontrollutvalet i Aukra kommune**

Saksprotokoll i Kommunestyret - 19.11.2019

Behandling

Tilrådinga frå kontrollutvalet vart samrøystes vedtatt

Vedtak

Kommunestyret godkjenner Reglement for kontrollutvalet i Aukra kommune

PS 86/19 Endring av eierstruktur og selskapsavtale - Nordmøre og Romsdal brann og redning IKS

Rådmannen si tilråding:

1. Aukra kommune godkjenner ny selskapsavtale datert 7.10.2019 for Nordmøre og Romsdal brann og redning IKS.
2. Aukra kommune velger følgende fast representant og vararepresentant til representantskapet:
Fast representant:
Vararepresentant:

Saksprotokoll i Formannskapet - 04.11.2019

Behandling

Formannskapet la fram følgjande forslag:

1. Aukra kommune godkjenner ny selskapsavtale datert 7.10.2019 for Nordmøre og Romsdal brann og redning IKS.
2. Aukra kommune velger følgende fast representant og vararepresentant til representantskapet:
Fast representant: Ordførar Odd Jørgen Nilssen
Vararepresentant: Varaordførar Audhild Mork

Forslaget frå formannskapet vart samrøystes vedtatt.

Innstilling frå formannskapet

1. Aukra kommune godkjenner ny selskapsavtale datert 7.10.2019 for Nordmøre og Romsdal brann og redning IKS.
2. Aukra kommune velger følgende fast representant og vararepresentant til representantskapet:
Fast representant: Ordførar Odd Jørgen Nilssen
Vararepresentant: Varaordførar Audhild Mork

Saksprotokoll i Kommunestyret - 19.11.2019

Behandling

Kevin Solem (AP) ba kommunestyret vurdere om han var inhabil, han vart samrøystes vurdert som habil

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedtatt

Vedtak

1. Aukra kommune godkjenner ny selskapsavtale datert 7.10.2019 for Nordmøre og Romsdal brann og redning IKS.
2. Aukra kommune velger følgende fast representant og vararepresentant til representantskapet:
Fast representant: Ordfører Odd Jørgen Nilssen
Vararepresentant: Varaordfører Audhild Mork

PS 87/19 Oppstart av prosjekt 683 018 "Vegutbetring og veglys Hollingsetervegen"

Rådmannen si tilråding:

1. Kommunestyret godkjenner oppstart av prosjekt 683018 Vegutbetring og veglys Hollingsetervegen.
2. Rådmannen får delegert mynde til å gjennomføre prosjektet innanfor vedtatt budsjett.

Saksprotokoll i Formannskapet - 04.11.2019

Behandling

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedtatt.

Innstilling frå formannskapet

Som tilrådinga frå rådmannen.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 19.11.2019

Behandling

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedtatt

Vedtak

1. Kommunestyret godkjenner oppstart av prosjekt 683018 Vegutbetring og veglys Hollingsetervegen.
2. Rådmannen får delegert mynde til å gjennomføre prosjektet innanfor vedtatt budsjett.

PS 88/19 Molde og Romsdal Havn IKS - Endring av selskapsavtale som følge av komunesamanslåingar

Rådmannen si tilråding:

Aukra kommunestyre sluttar seg til endringsforslaget i samarbeidsavtalen og vedtekter for Molde og Romsdal Havn IKS i samsvar med hamnerådet si tilråding og vedtak i deira sak 9/2019 og dokumentreferanse «Havnestyret 14.05.2019».

Saksprotokoll i Formannskapet - 04.11.2019

Behandling

Varaordfører Audhild Mork (Ap) bad utvalet vurdere om ho som styremedlem i Molde og Romsdal Hamn IKS er inhabil. Audhild Mork vart samrøystes vurdert som inhabil.

Møtet vart satt med 6 personar.

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedtatt.

Innstilling frå formannskapet

Som tilrådinga frå rådmannen.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 19.11.2019

Varaordfører Audhild Mork (AP) ba utvalet vurdere om ho som styremedlem i Molde og Romsdal Havn IKS er inhabil. Audhild Mork vart samrøystes vurdert som inhabil.

Møtet vart sett med 19 representantar

Behandling

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedtatt

Vedtak

Aukra kommunestyre sluttar seg til endringsforslaget i samarbeidsavtalen og vedtekter for Molde og Romsdal Havn IKS i samsvar med hamnerådet si tilråding og vedtak i deira sak 9/2019 og dokumentreferanse «Havnestyret 14.05.2019».

PS 89/19 Ny selskapsavtale i RIR IKS

Rådmannen si tilråding:

Aukra kommune godkjenner ny selskapsavtale for Romsdalshalvøya Interkommunale Renovasjonsselskap IKS vedtatt i Representantskapet i RIR 03.05.19.

Saksprotokoll i Formannskapet - 04.11.2019

Behandling

Utvalsmedlem Heidi Evelyn Løklingholm (SP) bad utvalet vurdere om ho som styremedlem i RIR er inhabil. Heidi Evelyn Løklingholm vart samrøystes vurdert som inhabil.

Ordfører Odd Jørgen Nilssen (H) bad utvalet vurdere om han som varamedlem i styret for RIR er inhabil. Odd Jørgen Nilssen vart samrøystes vurdert som inhabil.

Møtet vart satt med 5 personar. Varaordførar Audhild Mork tok over som leiar av møtet i sak 95/19.

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedtatt.

Innstilling frå rådmannen

Som tilrådinga frå rådmannen.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 19.11.2019

Heidi Evelyn Løklingholm (SP) ba utvalet vurdere om ho som styremedlem i RIR var inhabil. Heidi Evelyn Løklingholm vart samrøystes vurdert som inhabil.

Ordførar Odd Jørgen Nilssen (H) ba utvalet vurdere om han som varamedlem i styret for RIR var inhabil. Odd Jørgen Nilssen vart samrøystes vurdert som inhabil.

Møtet vart sett med 18 representantar

Varaordførar Audhild Mork gjekk inn som ordførar og leia møtet
Helge Kjøll jr. vart valt til varaordførar

Behandling

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedtatt

Vedtak

Aukra kommune godkjenner ny selskapsavtale for Romsdalshalvøya Interkommunale Renovasjonsselskap IKS vedtatt i Representantskapet i RIR 03.05.19.

PS 90/19 Forskrift om renovasjon i RIR - kommunane, Møre og Romsdal

Rådmannen si tilråding:

Aukra kommune godkjenner Forskrift om renovasjon i RIR-kommunene, Møre og Romsdal.

Saksprotokoll i Formannskapet - 04.11.2019

Behandling

Utvalsmedlem Heidi Evelyn Løklingholm (SP) bad utvalet vurdere om ho som styremedlem i RIR er inhabil. Heidi Evelyn Løklingholm vart samrøystes vurdert som inhabil.

Ordførar Odd Jørgen Nilssen (H) bad utvalet vurdere om han som varamedlem i styret for RIR er inhabil. Odd Jørgen Nilssen vart samrøystes vurdert som inhabil.

Møtet vart satt med 5 personar. Varaordførar Audhild Mork tok over som leiar av møtet i sak 98/19.

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedtatt.

Innstilling frå formannskapet

Som tilrådinga frå rådmannen.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 19.11.2019

Behandling

Utvalsmedlem Heidi Evelyn Løklingholm (SP) ba utvalet vurdere om ho som styremedlem i RIR var inhabil. Heidi Evelyn Løklingholm vart samrøystes vurdert som inhabil.

Ordførar Odd Jørgen Nilssen (H) ba utvalet vurdere om han som varamedlem i styret for RIR var inhabil. Odd Jørgen Nilssen vart samrøystes vurdert som inhabil.

Møtet vart sett med 18 representantar

Varaordførar Audhild Mork gjekk inn som ordførar og leia møtet
Helge Kjøll jr. vart valt til varaordførar

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedtatt

Vedtak

Aukra kommune godkjenner Forskrift om renovasjon i RIR-kommunene, Møre og Romsdal.

PS 91/19 Husleigeauke i kommunale utleigebustader, omsorgsbustader og i kommunen sine leiligheter i Stiftelsen Aukra boligselskap frå 01.01.2020

Rådmannen si tilråding:

Aukra kommunestyre vedtek å auke husleiga på kommunale utleigebustader, omsorgsbustadar og i kommunen sine leiligheter i Stiftelsen Aukra boligselskap med 1,6 % (KPI). Det er nokre leiligheter som har lågare husleige enn tilsvarende leilighet, desse vil gradvis bli auka til det same som tilsvarende leilighet. Husleigeauka skal gjelde frå frå 01.01.2020.

Saksprotokoll i Livsløpsutvalet - 31.10.2019

Behandling

Utvalsmedlem Frode Bjerkan (H) bad utvalet vurdere om han som kommunestyret sin representant i Aukra boligstiftelse var inhabil. Han vart samrøystes vurdert som inhabil.

Tilrådinga frå rådmannen vart vedtatt med 5 mot 1 stemme.

Uttale frå livsløpsutvalet

Som tilrådinga frå rådmannen.

Saksprotokoll i Formannskapet - 04.11.2019

Behandling

Varaordfører Audhild Mork (Ap) bad utvalet vurdere om ho som styremedlem i Stiftelsen Aukra boligselskap er inhabil.

Audhild Mork vart samrøystes vurdert som inhabil.

Møtet vart satt med 6 personar.

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedtatt.

Innstilling frå formannskapet

Som tilrådinga frå rådmannen.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 19.11.2019

Behandling

Varaordfører Audhild Mork (Ap) ba utvalet vurdere om ho som styremedlem i Stiftelsen Aukra boligselskap var inhabil.

Audhild Mork vart samrøystes vurdert som inhabil.

Møtet vart sett med 19 representantar

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedtatt

Vedtak

Aukra kommunestyre vedtek å auke husleiga på kommunale utleigebustader, omsorgsbustadar og i kommunen sine leiligheter i Stiftelsen Aukra boligselskap med 1,6 % (KPI). Det er nokre leiligheter som har lågare husleige enn tilsvarende leilighet, desse vil gradvis bli auka til det same som tilsvarende leilighet. Husleigeauka skal gjelde frå 01.01.2020.

PS 92/19 Gebyrregulativ 2020 for saksbehandling plan-, byggesaks- og oppmålingsområdet

Rådmannen si tilråding:

1. Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 vedtek kommunestyret ei auke i gebyra for plansaker, bygge-/delesaker og kart/oppmålingssaker med 2,7 %. Endringa gjeld frå 01.01.2020.

2. Gebyr for *klarlegging av eksisterande grenser* blir redusert tilsvarende gjennomsnittet for samanlikningskommunane. Endringa gjeld frå 01.01.2020

Saksprotokoll i Formannskapet - 04.11.2019

Behandling

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedtatt.

Innstilling frå formannskapet

Som tilrådinga frå rådmannen.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 19.11.2019

Behandling

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedtatt

Vedtak

1. Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 vedtek kommunestyret ei auke i gebyra for plansaker, bygge-/delesaker og kart/oppmålingssaker med 2,7 %. Endringa gjeld frå 01.01.2020.

2. Gebyr for klarlegging av eksisterande grenser blir redusert tilsvarende gjennomsnittet for samanlikningskommunane. Endringa gjeld frå 01.01.2020

PS 93/19 Eigenbetaling dagsentertenester 2020

Rådmannen si tilråding:

Aukra kommunestyre vedtek eigenbetaling for dagsenter-tenester med kr 168,- per dag frå 01.01.2020.

Eigenbetalinga dekker utgifter til skyss, mat, aktiviteter og andre tenester den enkelte har bruk for.

Gjeld for:

Dagsenter for eldre, dagsenter for heimebuande personar med demens. Dagsenter tenesta må betalast ved fråvær. Unntaket er akutt innlegging på sjukehus eller institusjon.

Saksprotokoll i Livsløpsutvalet - 31.10.2019

Behandling

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedtatt.

Uttale frå livsløpsutvalet

Som tilrådinga frå rådmannen.

Saksprotokoll i Formannskapet - 04.11.2019

Behandling

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedtatt.

Innstilling frå formannskapet

Som tilrådinga frå rådmannen.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 19.11.2019

Behandling

Innstilling frå formannskapet vart samrøystes vedtatt

Vedtak

Aukra kommunestyre vedtek eigenbetaling for dagsenter-tenester med kr 168,- per dag frå 01.01.2020.

Eigenbetalinga dekker utgifter til skyss, mat, aktiviteter og andre tenester den enkelte har bruk for.

Gjeld for:

Dagsenter for eldre, dagsenter for heimebuande personar med demens. Dagsenter tenesta må betalast ved fråvær. Unntaket er akutt innlegging på sjukehus eller institusjon.

PS 94/19 Eigenbetaling for praktisk bistand 2020

Rådmannen si tilråding:

Aukra kommunestyre vedtek følgjande eigenbetalingssatsar for praktisk bistand/leige av kommunal heimehjelp eller brukarstyrt personleg assistent BPA, gjeldande frå 01.01 2020:

1. Inntekt inntil 2G: Maksimalsats fastsett av Stortinget.
2. Inntekt 2-3G kr 335,- per time, men maksimalt kr 810,- per måned. Inntekt 3-4 G kr 335,- per time, men maksimalt kr 1.310,- per måned. Inntekt 4-5G kr 335,- per time, men maksimalt kr 1.900,- per måned. Inntekt over 5G kr 335,- per time, men maksimalt kr 2.380,- per måned.

Det er høve til å søkje om heilt eller delvis fritak frå eigenbetaling dersom brukar sin økonomiske situasjon gjer det vanskeleg å betale for hjelpa som er nødvendig for å klare seg i eigen heim.

Innvilga timetal heimehjelp, må betalast sjølv om bebuar ikkje er tilstade på avtalt tidspunkt. Unntaket er akutte sjukehusinnleggingar eller tilsvarande opphald i institusjon.

Saksprotokoll i Livsløpsutvalet - 31.10.2019

Behandling

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedtatt.

Uttale frå livsløpsutvalet

Som tilrådinga frå rådmannen.

Saksprotokoll i Formannskapet - 04.11.2019

Behandling

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedtatt.

Innstilling frå formannskapet

Som tilrådinga frå rådmannen.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 19.11.2019

Behandling

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedtatt

Vedtak

Aukra kommunestyre vedtek følgjande eigenbetalingssatsar for praktisk bistand/leige av kommunal heimehjelp eller brukarstyrt personleg assistent BPA, gjeldande frå 01.01 2020:

1. Inntekt inntil 2G: Maksimalsats fastsett av Stortinget.
2. Inntekt 2-3G kr 335,- per time, men maksimalt kr 810,- per måned. Inntekt 3-4 G kr 335,- per time, men maksimalt kr 1.310,- per måned. Inntekt 4-5G kr 335,- per time, men maksimalt kr 1.900,- per måned. Inntekt over 5G kr 335,- per time, men maksimalt kr 2.380,- per måned.

Det er høve til å søkje om heilt eller delvis fritak frå eigenbetaling dersom brukar sin økonomiske situasjon gjer det vanskeleg å betale for hjelpa som er nødvendig for å klare seg i eigen heim.

Innvilga timetal heimehjelp, må betalast sjølv om bebuar ikkje er tilstade på avtalt tidspunkt. Unntaket er akutte sjukehusinnleggingar eller tilsvarande opphald i institusjon.

PS 95/19 Eigenbetaling for matombringning fra kjøkken ved Aukra Omsorgssenter 2020

Rådmannen si tilråding:

Aukra kommunestyre vedtek at eigenbetaling for matombringning frå kjøkkenet ved Aukra Omsorgssenter gjeldande frå 01.01.2020:

1. Varm middag og dessert kr 103,- per porsjon.
2. Frokost, lunsj og kvelds kr 38,- pr porsjon

Matombringning til bebuarar bli innvilga gjennom vedtak. Bebuar må difor betale for tenesta sjølv om vedkomande i enkelt tilfelle ikkje nyttar seg av vedtaket. Unntaket er ved akutt innlegging i sjukehus eller institusjon.

Saksprotokoll i Livsløpsutvalet - 31.10.2019

Behandling

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedtatt.

Uttale frå livsløpsutvalet

Som tilrådinga frå rådmannen.

Saksprotokoll i Formannskapet - 04.11.2019

Behandling

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedtatt.

Innstilling frå formannskapet

Som tilrådinga frå rådmannen.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 19.11.2019

Behandling

Ole August Iversen SV sette fram følgjande forslag:

Matombringning held fram med same prisar som i 2019, frå og med 1. januar 2020

Ole August Iversen trekte forslaget sitt.

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedtatt

Vedtak

Aukra kommunestyre vedtek at eigenbetaling for matombringning frå kjøkkenet ved Aukra Omsorgssenter gjeldande frå 01.01.2020:

1. Varm middag og dessert kr 103,- per porsjon.
2. Frokost, lunsj og kvelds kr 38,- pr porsjon

Matombringning til bebuarar blir innvilga gjennom vedtak. Bebuar må difor betale for tenesta sjølv om vedkomande i enkelt tilfelle ikkje nyttar seg av vedtaket. Unntaket er ved akutt innlegging i sjukehus eller institusjon.

PS 96/19 Eigenbetaling for leige av GPS 2020

Rådmannen si tilråding:

Kommunestyret vedtek slik eigenbetaling for leige av GPS i 2020:

1. Gratis, men behovsprøvd.

Saksprotokoll i Livsløpsutvalet - 31.10.2019

Behandling

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedtatt.

Uttale frå livsløpsutvalet

Som tilrådinga frå rådmannen.

Saksprotokoll i Formannskapet - 04.11.2019

Behandling

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedtatt.

Innstilling frå formannskapet

Som tilrådinga frå rådmannen.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 19.11.2019

Behandling

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedtatt

Vedtak

Kommunestyret vedtek slik eigenbetaling for leige av GPS i 2020:

1. Gratis, men behovsprøvd.

PS 97/19 Eigenbetaling for opphald i institusjon 2020

Rådmannen si tilråding:

Aukra kommune vedtek slike maksimale eigenbetalings satsar for opphald i institusjon i 2020:

Eigenbetaling for langtidsopphald og korttidsopphald over 60 døgn vert berekna ut frå bebuar si inntekt i tråd med forskrift. Maksimalpris i 2020 vert på kr. 4.116,- per døgn.

Dag- eller natt-opphald og korttidsopphald inntil 60 døgn har maksimalpris fastsett i Forskrift.

Avlastingsopphald skal ikkje ha eigenbetaling.

Saksprotokoll i Livsløpsutvalet - 31.10.2019

Behandling

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedtatt.

Uttale frå livsløpsutvalet

Som tilrådinga frå rådmannen.

Saksprotokoll i Formannskapet - 04.11.2019

Behandling

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedtatt.

Innstilling frå formannskapet

Som tilrådinga frå rådmannen.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 19.11.2019

Behandling

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedtatt

Vedtak

Aukra kommune vedtek slike maksimale eigenbetalings satsar for opphald i institusjon i 2020:

Eigenbetaling for langtidsopphald og korttidsopphald over 60 døgn vert berekna ut frå bebuar si inntekt i tråd med forskrift. Maksimalpris i 2020 vert på kr. 4.116,- per døgn.

Dag- eller natt-opphald og korttidsopphald inntil 60 døgn har maksimalpris fastsett i Forskrift.

Avlastingsopphald skal ikkje ha eigenbetaling.

PS 98/19 Eigenbetaling for leige av tryggleikspakke 2020

Rådmannen si tilråding:

Kommunestyret vedtek slik eigenbetaling for tryggleiksalarm / tryggleikspakke i 2020. Tradisjonell tryggleiksalarm går ut frå 01.01.2020 og vert erstatta av tryggleikspakken.

1. Prising av tryggleikspakke per måned.

- Inntekt under 2G kr. 240
- Inntekt over 2G kr. 340
- Installering av tryggleikspakke kr. 0,-

Saksprotokoll i Livsløpsutvalet - 31.10.2019

Behandling

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedtatt.

Uttale frå livsløpsutvalet

Som tilrådinga frå rådmannen.

Saksprotokoll i Formannskapet - 04.11.2019

Behandling

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedtatt.

Innstilling frå formannskapet

Som tilrådinga frå rådmannen.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 19.11.2019

Behandling

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedtatt

Vedtak

Kommunestyret vedtek slik eigenbetaling for tryggleiksalarm / tryggleikspakke i 2020. Tradisjonell tryggleiksalarm går ut frå 01.01.2020 og vert erstatta av tryggleikspakken.

1. Prising av tryggleikspakke per månad.

- Inntekt under 2G kr. 240
- Inntekt over 2G kr. 340
- Installering av tryggleikspakke kr. 0,-

PS 99/19 Foreldrebetaling i skolefritidsordninga

Rådmannen si tilråding:

1. Satsane for foreldrebetaling i SFO vert justert til:

- a) Fulltid : Kr 2 310
- b) Deltid : Kr 1 790
- c) Ferietilbod per veke: : Kr 1 260
- d) Kjøp av enkeltdagar i skoleåret : Kr 310

2. Nye satsar trer i kraft 01.01.2020.

Saksprotokoll i Livsløpsutvalet - 31.10.2019

Behandling

Utvalsmedlem Jørgen Sporsheim (AP) satt fram følgjande forslag:
Tilby gratis SFO for 1.klassinger.

Forslaget fall med 1 mot 6 stemmer.
Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedtatt.

Uttale frå livsløpsutvalet

Som tilrådinga frå rådmannen.

Saksprotokoll i Formannskapet - 04.11.2019

Behandling

Utvalsmedlem Kevin Solem (AP) la fram følgjande forslag:

1. Søskenmoderasjon for familier med barn i SFO og barnehage. Tatt av ubundne fond.

2. Opprettholder forslaget fra Jørgen Sporsheim i livsløpsutvalet.

Utvalsmedlem Heidi Evelyn Løklingholm (SP) la fram følgjande oversendingsforslag:

Aukra formannskap ber administrasjonen om å utrede samordning av søskenmoderasjon mellom barnehage og SFO. Og utrede eventuell gjennomføring av gratis SFO for 1. klasse.

Forslaget frå Kevin Solem fall med 2 mot følgjande 5 stemmer:

Odd Jørgen Nilssen (H)

Helge Kjøl jr. (KrF)

Ingunn Hjelmås (KrF)

Anita Oterhals Eide (H)

Heidi Evelyn Løklingholm (SP)

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedtatt.

Forslaget frå Heidi Evelyn Løklingholm vart samrøystes vedtatt.

Innstilling frå formannskapet

Som tilrådinga frå rådmannen og tilleggsforslaget frå utvalsmedlem Heidi Evelyn Løklingholm.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 19.11.2019

Behandling

Ole August Iversen SV sette fram følgjande forslag:

Ei endring på det første punktet til følgjande:

1. Satsane for foreldrebetaling i SFO vert justert til:

- a) Fulltid : Kr 0
- b) Deltid : Kr 0
- c) Ferietilbod per veke: : Kr 0
- d) Kjøp av enkeltdagar i skoleåret : Kr 0

Kevin Solem AP sette fram følgjande forslag til nytt.pkt. 3:

Det innføres samordna søskenmoderarsjon mellom barnehage og SFO

Jørgen Sporsheim AP sette fram følgjande oversendingsforslag:

Aukra kommunestyre ber administrasjonen om å utrede konsekvenser/kostnader ved å tilby gratis SFO for førsteklassinger

Jørgen Sporsheim AP trekte sitt oversendingsforslag

Forslaget frå Ole August Iversen fall med 19 mot 1 stemme: Ole August Iversen

Forslaget frå Kevin Solem fall med 15 mot 5 stemmer:

Kevin Solem AP

Audhild Mork AP

Katrine Rindarøy AP

Jørgen Sporsheim AP

Odd Arve Orten AP

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedtatt

Vedtak

1.Satsane for foreldrebetaling i SFO vert justert til:

- a.Fulltid : Kr 2 310
- b.Deltid : Kr 1 790
- c.Ferietilbod per veke: : Kr 1 260
- d.Kjøp av enkeltdagar i skoleåret : Kr 310

2.Nye satsar trer i kraft 01.01.2020.

Oversendingsforslag:

Aukra kommunestyre ber administrasjonen om å utrede samordning av søskenmoderasjon mellom barnehage og SFO. Og utrede eventuell gjennomføring av gratis SFO for 1. klasse.

PS 100/19 Elevavgift Aukra kulturskole

Rådmannen si tilråding:

Avgiftssatsane ved Aukra kulturskole vert oppretthaldne uendra for 2020 slik:

- Elevavgifta kr. 2.430,- per år
- Elevavgift fordjupningsplass kr. 4.860,- pr. år (elevplass x 2)
- Elevavgift korpsaspirant kr. 1.780,- pr. år (korpset betalar avgifta)
- Leige av instrument og materialavgift kunsthøgskule kr. 500,- pr. år
- Elevmoderasjon: 25% frå og med 2. elevplass pr. familie og 50% frå og med 3. elevplass pr. familie.

Tilråding om å ikkje auke avgiftssatsane medfører eit tap i inntekt på om lag kr. 15.000,- pr. år.

Saksprotokoll i Livsløpsutvalet - 31.10.2019

Behandling

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedtatt.

Uttale frå livsløpsutvalet

Som tilrådinga frå rådmannen.

Saksprotokoll i Formannskapet - 04.11.2019

Behandling

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedtatt.

Innstilling frå formannskapet

Som tilrådinga frå rådmannen.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 19.11.2019

Behandling

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedtatt

Vedtak

Avgiftssatsane ved Aukra kulturskole vert oppretthaldne uendra for 2020 slik:

- Elevavgifta kr. 2.430,- per år
- Elevavgift fordjupningsplass kr. 4.860,- pr. år (elevplass x 2)
- Elevavgift korpsaspirant kr. 1.780,- pr. år (korpset betalar avgifta)
- Leige av instrument og materialavgift kunsthag kr. 500,- pr. år
- Elevmoderasjon: 25% frå og med 2. elevplass pr. familie og 50% frå og med 3. elevplass pr. familie.

Tilråding om å ikkje auke avgiftssatsane medfører eit tap i inntekt på om lag kr. 15.000,- pr. år.

PS 101/19 Gebyr for skjenkeløyve for ei enkel anledning

Rådmannen si tilråding:

Gebyr for skjenkeløyve for ei enkelt anledning følgjer frå og med 01. januar 2020 den til ei kvar tid statleg vedtekne maksimalpris.

Saksprotokoll i Formannskapet - 04.11.2019

Behandling

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedtatt.

Innstilling frå formannskapet

Som tilrådinga frå rådmannen.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 19.11.2019

Behandling

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedtatt

Vedtak

Gebyr for skjenkeløyve for ei enkelt anledning følgjer frå og med 01. januar 2020 den til ei kvar tid statleg vedtekne maksimalpris.

PS 102/19 Val av representantar og vararepresentantar til fylkesmøtet i KS for perioden 2019 - 2023

Rådmannen si tilråding:

Aukra kommunestyret vel følgjande til representantar og vararepresentantar til fylkesmøtet i KS for perioden 2019-2023:

Representant:

Vararepresentant:

Vararepresentant:

Saksprotokoll i Kommunestyret - 19.11.2019

Behandling

Forslaga vart samrøystes vedtatt

Vedtak

Aukra kommunestyret vel følgjande til representantar og vararepresentantar til fylkesmøtet i KS for perioden 2019-2023:

Representant:	Ordførar Odd Jørgen Nilssen
Representant	Varaordførar Audhild Mork

Vararepresentant:	Anita Oterhals Eide
Vararepresentant:	Helge Kjøll jr.

PS 103/19 Val av medlemmar og varamedlemmar, leiar og nestleiar til Administrasjonsutvalet for perioden 2019 - 2023

Rådmannen si tilråding:

Som medlemmar og varamedlemmar, leiar og nestleiar til administrasjonsutvalet for perioden 2019 – 2023 blir valt:

Medlemmar frå formannskapet:

- 1
- 2
- 3
- 4

Varamedlemmar frå formannskapet:

- 1
- 2

Medlemmar frå arbeidstakarorganisasjonane:

- 1
- 2
- 3

Personlege varamedlemmar frå arbeidstakarorganisasjonane:

- 1
- 2
- 3

Saksprotokoll i Formannskapet - 04.11.2019

Behandling

Formannskapet la fram følgjande forslag:

